

Reguleringsmyndigheten for energi - RME
Pb 5091 Majorstuen
0301 Oslo

27.09.2022

Referanse: 202210875 (dykkar ref.)

Sygnirs fråsegn i RMEs høyring om endringar i modell for kostnadsnorm. Korrigerings for råmevilkår.


Sygnir viser til RME sitt høyringsdokument Nr. 3/2022 «Forslag om endringar i modell for kostnadsnorm. Korrigerings for rammevilkår» frå juni 2022, der RME ber om innspel til nemnde høyring.

Generelt er Sygnir positive til RMEs tilnærming, metode, testing av ulike råmevilkårsvariablar og deira respektive signifikans og forklaringsgrad og val av datasett i arbeidet mot mogeleg forbetring av reguleringsmodellen i trinn 2 gjennom justering for råmevilkår. Likevel har Sygnir følgjande merknadar til framlegget i høyringsdokumentet:

- Reelle forskjellar i råmevilkår for utgjer meir enn 5 prosent av den totale inntektsramma til landets nettselskap. RME bør difor auke vektninga av den råmevilkårskorrigerings i trinn 2 i reguleringsmodellen.
- Utvalde råmevilkårsvariablar for lokalt distribusjonsnett andel nett i bar- og blandingskog av høyr og særst høy bonitet, faktor for løvfall, faktor for kyst og faktor for frost støttast generelt. Sygnir stiller likevel spørsmål ved relativ vektning av dei utvalde og samansette råmevilkårsvariablane, der spesielt dei to første faktorane med stort sannsyn har ein større forklaringsgrad på utbyggings- og driftskostnadar samanlikna med dei to siste råmevilkårsvariablane.
- Sygnir stiller seg undrande til spriket i statistisk signifikans for faktor for løvfall i modellen for lokalt distribusjonsnett med høg statistisk signifikans vurdert opp mot mangel på statistisk signifikans for variabelkombinasjonar helning/skog/snø i modellen for regionalt distribusjonsnett. Sygnir bygger både 22 kV og 132 kV luftlinjer i eigen regi, og utbyggings- og driftskostnadar er i stor grad påverka av dei same kostnadsfaktorane og råmevilkåra uavhengig av kva for eit spenningsnivå luftlinja har. Etter Sygnirs vurdering har desse forholda meir å gjere med datagrunnlaget enn dei faktiske kostnadsdrivande faktorane å gjere. Reguleringsmodellen for regionalt distribusjonsnett syner allereie ein særdeles stor varians i DEA-resultat på relativt få selskap. Datagrunnlaget er i ferd med å bli for tynt. Sygnir støttar difor ikkje fjerninga av trinn 2 i kostnadsnorm-modellen i regionalt distribusjonsnett.

- Dersom relevante og viktige forhold ikkje vert fanga opp av ei statistisk analyse, bør desse forholda undersøkast og vurdert inkludert i råmevilkåra.
- Generelt er store snømengder kostnadsdrivande – også ved temperaturar godt under frysepunktet.

Med venleg helsing,

A handwritten signature in black ink, appearing to be "Stian Frøiland". The signature is written over a horizontal line.

Stian Frøiland

Dagleg leiar

Sygnir AS